



## Saksfråmlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 17/68	Klassering:

### Høyring - Vedtektsendringar Stiftinga Bjørn West museet

#### Rådmannen sitt fråmlegg til vedtak

Levekårsutvalet sluttar seg til forslag om vedtektsendringar for Stiftinga Bjørn West museet.

.....

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

##### Bakgrunn

Lindås kommune er representert i styret i Stiftinga Bjørn West museet, og skal såleis handsama dei framlegga som er sendt på høyring i vedlagte dokument om vedtektsendringar i Stiftinga Bjørn West museet.

Høyringsfrist er sett til 27.03.17.

##### Vurdering

##### Grunngjevnad for vedtektsendringar Bjørn West Museet Stiftelse. Jfr styremøtet 12.05.2016

- For å skape betre oversikt har alle paragrafer fått ei overskrift.
- Same grunngjevnad er nytta for å omstrukturere på ein del av teksten. Dette har det vært snakket om i fleire år i stiftinga.
- Lovpålagte ting som ligger i m.a. lov om stiftingar er i hovudsak fjernet.
- Nokre skrivefeil er retta.

Forklaring på endringane under kvart paragraf. Se elles «vedtekter for stiftinga Bjørn West-museet» som ligg som vedlegg til saka.

##### §1 Namn og historie

Forklaring på endring

*Namnet er teke med samt kontoradresse for at det ikkje skal være tvil om tilhørighet. Namnet tilsvara det som er registrert på organisasjonsnummeret i Enhetsregisteret. Bakgrunn og opprettinga er for oversiktens del flyttet hit frå §4. Det er teke med at stiftinga er konsolidert som ei opplysning her. Egedelane er flyttet til §7*

## **§2 Føremål**

### Forklaring på endring

*Førmålet er uendra forutan at siste setning er flytta frå tidlegare §6*

## **§3 Grunnkapital**

### Forklaring på endring

Grunnkapitalen står som før.

Budsjett er fjerna grunna stiftinga etter konsolidering med Museum Vest ikkje har inntekt eller utgifter. Rekneskap må likevel leverast.

Rekneskapet registreras i altinn, og stiftingstilsynet finn det der. Det trengs ikkje godkjenning i verken kommunar eller fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at kommunar og fylkeskommune vert halda orientert om museet.

Loven tilseier at rekneskapet skal godkjennas av revisor og det treng ikkje å stå i vedtektene.

§4 gammal (fjernet)

Første setningar er delvis flyttet til §1.

Det treng ikkje stå kor mykje som vert løyvd i år 2000, då dette ikkje seier meir om verken fortid eller framtid.

## **§4 NY**

### Forklaring på endring

*Styret er endra til 8 medlemmer fordi Museum Vest er kome med. Ein er klar over at det blir vert partall i styret, men dette ansees ikkje som eit problem når antall er såpass høgt. Det er opp til museum Vest og finne ut kven som stiller, men kanskje vil det bli avdelingsleiar for museet som er sekretær for styret som da også får stemmerett.*

*HV09 er oppdatert i forhold til dagens militære organisering*

Funksjonstid er etter stiftingslova 4 år om ikkje vedtektene seiar noko anna. Etter vedtektene er det nå opp til organisasjonane å bestemme varighet på vervet, noko det i praksis har vært i alle år. For kommunane er det normalt 4 år, mens for andre organisasjonar er det normalt 2 år.

Formann vert endra til styreleiar

Masfjorden kommune sin representant er styreleiar er ei presisering av tidlegare vedtekter kor man kunne tolke det som et val mellom dei som er busett i Masfjorden. Masfjorden kommune bidreg med kr 400.000 og er dermed desidert tyngst inne og det er naturleg at dei har leiarvevet.

Med den nye samarbeidsavtalen tillegger det museum Vest å stille med sekretærfunksjonen.

## **§5 Styrets oppgåve**

### **Forklaring på endring**

*Etter den nye samarbeidsavtalen er det Museum Vest som er ansvarlig for drifta av Museet. Styret skal syta for at formålet vert teke vare på.*

## **§6 Binding**

### **Forklaring på endring**

*Bindingar som før.*

*Styret skal ikkje nødvendigvis arbeide med økonomisk plattform, lage budsjett som skal sendes kommunane, Museum Vest bestemmer opningstider og inngangspengar og engasjerer personell.*

*Setninga om satsing på skuler er flytta til formålet.*

## **§7 Egedelar**

### **Forklaring på endring**

*Tidlegare tekst i §1 er flyttet hit.*

*Avdelingsleder tilsett i museum vest står for daglig forvaltning, men styret skal være informert om og kan gjere om utlån. Ting kan ikkje gis vekk.*

*Det er ikkje nødvendig med godkjenning frå forsvarsmuseet, sjølvstilt gjelder ikkje dette innlån frå forsvarsmuseet. Disse tinga er ikkje museets eige og vert ikkje omfatta av §, men at utlånsbetingelsene frå forsvarsmuseet.*

## **§8 Vedtektsendring**

### **Forklaring på endring**

*Setninga som strykas står i lov om stiftingar.*

## **§9 Oppløysing**

### **Forklaring på endring**

*Usikkert om første setning bør være med.*

*Intensjonen er det same som tidlegare.*

.....

### **Vedlagte saksdokument:**

Begrunnelse for vedtektsendringer Bjørn West Museet Stiftelse	156159	07.03.2017
Vedtekter nye for Bjørn West Museet 130516 uten korr	156157	07.03.2017
Vedtekter nye for Bjørn West Museet 130516 med synlege endringar	156156	07.03.2017

### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost